

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 12.03.2019**

**Dan S. Femoen (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem til Vigo IKS, representantskapet. Femoen opplyste at han ikkje har møtt til møter. Dan S. Femoen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at Dan S. Femoen ikkje var inhabil, Jfr. Forvaltningslova § 6 1. og 2. ledd. Dan S. Femoen tiltredde saksbehandlinga.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Hordaland fylkeskommune held fram med dagens ordning for inntak og opnar ikkje opp for søknad gjennom Vigo til programområde med vekt på eit særleg tilbod.